



Saksbehandlar: Sissel Brusegård, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/7502-2

Lærlingar i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt mål som lærebedrift er primært å sikre at søkerar med ungdomsrett etter opplæringslovens § 3-1 frå Sogn og Fjordane får tilbod om lærepass.
2. Fylkeskommunen bør ha 22 stillingsheimlar for tilsetting av lærlingar og lærekandidatar.
3. Dei økonomiske konsekvensane bør innarbeidast i budsjett 2017 og økonomiplan 2017-20.

Vedlegg:

1. Samfunnskontrakten for fleire lærepasser 2016-2020

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka.

Fylkestinget vedtok i sak 26/16 Økonomiplan 2017-2020, 14.06.2016, punkt 9:

Fylkeskommunen bør ha som ambisjon å bidra med lærepassar i fylkeskommunal sektor i tråd med KS sine anbefalingar. Administrasjonen får i oppdrag å utgreie ei sak om korleis dette kan realiserast.

2. Kort historikk om fag- og yrkesopplæringa.

Fag- og yrkesopplæringa har tradisjonar attende til den gamle laugsordninga. Der tok meisteren inn lærling i handverksfaga og førte dei fram til sveinebrev. Seinare kunne dei sjølv bli meister og ta imot sine eigne lærlingar. I 1913 kom det ei ny handverkslov som bestemde at alle som skulle utøve handverksfag måtte ha gjennomgått læretid og avgjort fag-/sveineprøve. I 1940 vart Lov om yrkesskoler for håndverk og industri vedteken. Den skilde mellom opplæring før læretida – verk-stadskule-, under læretida – lærlingskule, og etter læretida – formanns- og verksmeistarskule.

I 1974 vart all vidaregåande opplæring samla under Lov om vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen fekk ansvaret for dei fleste vidaregåande skular i 1981 og har etter det hatt ansvaret for fagopplæringa. I 1980 kom Lov om fagopplæring, og den var gjeldande fram til Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) vart vedteken i 1998. Hovudmodellen for fagopplæring vart om lag som i dag, med 2 år opplæring i skule og eitt år opplæring og eitt år verdiskaping i bedrift (2+2).

I arbeidet med modell for fag- og yrkesopplæringa var det arbeids- og næringslivet sitt behov som stod i sentrum. Samstundes låg det til grunn for modellen at ein høg grad av gjennomføring føreset at det er stabil og tilstrekkeleg tilgang på lærepassar over tid. For å få dette på plass måtte fylkeskommunen og arbeidslivet dimensjonere fag- og yrkesopplæringa rett. 2+2 modellen legg til grunn at staten legg til rette for næringslivet si sjølvstyring. Difor vert innstilling og

handlemåte annleis ovanfor fag- og yrkesopplæringa enn ovanfor den studieførebuande opplæringa, der det offentlege styrer og regulerer heile opplæringsløpet gjennom forvaltninga.

Arbeidslivet hadde fått ansvaret for nærmere halvparten av fag- og yrkesopplæringa. Samstundes som bedriftene skulle produsere og fungere i ein marknad, skulle dei gje opplæring til ungdomar innanfor lov- og læreplanverket for vidaregående opplæring.

For å auke talet læreplassar har det blitt inngått ein samfunnskontrakt mellom regjeringa og partane i arbeidslivet. Denne vart fornya av partane våren 2016. Kontrakten sitt overordna mål er å forplikte styresmaktene og partane i arbeidslivet til å forankre fagopplæringa i alle relevante bransjar og sektorar, og å skaffe lærekontraktar til alle elevar som ønskjer det. Det skal etablerast lokale nettverk for å skaffe fleire læreplassar.

3. Om lærlingordninga

Når ei verksemd ønsker å ta inn lærlingar må denne godkjennast som lærebedrift. Ei slik godkjening føreset at verksemda har relevante arbeidsoppgåver som gjer det mogleg med ei opplæring i kompetanseområda i den aktuelle læreplanen for lærlingen. Verksemda må også ha ein fagleg leiar som tek i vare opplæringsansvaret i samsvar med opplæringslova. Lærebedrifa må:

- lage plan for opplæringa med utgangspunkt i læreplanen for faget
- gjere seg kjend med opplæringslova som omhandler opplæring i bedrift
- ha eit godt arbeids- og læremiljø
- ha system for planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa
- vurdere lærlingen/lærekandidaten kontinuerleg
- melde lærling/lærekandidat opp til fag- eller sveineprøve ved slutten av læretida

Når verksemda har avtala læretid med ein lærling, skal det skrivast under på ein lærekontrakt. Dette er eit juridisk bindande dokument. Kontrakten vert så godkjend av fylkeskommunen. Som lærling er ein arbeidstakar. Det må difor lagast og signerast arbeidsavtale med bedrifta. Arbeidsavtalen regulerer arbeidstid og løn.

Lærebedrifter som har teikna lærekontrakt med lærlingar får tilskot for opplæringa.

Basistilskudd I blir utbetalt til bedrifter for lærlingar med rett til vidaregående opplæring. Tilskotet blir utbetalt for opplæringsåret, ikkje verdiskapingsåret. Men sidan opplæringa i bedrift normalt fordelear seg over to år blir tilskotet fordelt over hele perioden. Kunnskapsdepartementet fastset tilskotet. I 2016 er basistilskot I på 139 066 kr per lærling eller lærekandidat for eitt år med fulltidsopplæring. Det er viktig å presisere at tilskotet ikkje kan nyttast til løn til lærlingen, men skal gå til å dekke opplæringskostnader.

Basistilskudd II blir utbetalt til bedrifter som tilset lærlingar som er over 21 år, og som har all opplæringstida i bedrift. Ordninga gjeld òg for lærlingar som tidligare har fått oppfylt retten til vidaregående opplæring. Lengda på læretida vil bli berekna i samsvar med regelverket. I motsetnad til basistilskot I blir basistilskot II utbetalt både for opplærings- og verdiskapingstida. Satsen for basistilskot II for lærekontraktar er 4 229 kr per lærling per månad i heile læretida i bedrift, totalt 50 748 kr i året.

Opplæringskontor

Eit opplæringskontor er eit formelt samarbeid der fleire godkjende lærebedrifter samarbeider om opplæringa av lærlingar/lærekandidatar. Det er både bransjevise og tverrfaglege opplæringskontor. Kvar bedrift som er medlem av eit opplæringskontor skal godkjennast av fylkeskommunen.

4. Ansvaret til fylkeskommunen

Opplæringslova regulerer plikta fylkeskommunen har til å oppfylle retten til vidaregående opplæring for alle som er busette i fylket. Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut eit opplæringstilbod i samsvar med nasjonale mål, søkjane sine ønske og det behovet samfunnet har for vidaregående opplæring i alle utdanningsretningar (§13-3). Opplæringslova gir fylkeskommunen ansvar for godkjenning av lærebedrifter, godkjenning, endring og heving av lære- og opplæringskontraktar. Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for godkjenning av opplæringsverksemda i arbeidslivet og oppfølging av denne. Dermed har ein eit samla overordna ansvar for kvaliteten på fag- og yrkesopplæringa. Samstundes har fylkeskommunen eit ansvar for at alle elevar som byrjar på vidaregående opplæring får høve til å fullføre opplæringa si.

I tillegg til ansvaret fylkeskommunen har gjennom lovverket, har fylkeskommunen eit ansvar som arbeidsgjevar, jf. samfunnskontrakten. På lik linje med andre arbeidsgjevarar er ein del av samfunnsansvaret at ein er lærebedrift.

KS vedtok på landstinget i april at kvar kommune skal ha to lærlingar per 1000 innbyggjar, ei dobling av den tidlegare målsettinga. Ut frå dette bør Sogn og Fjordane fylkeskommune ha som mål å ha to lærlingar per 10.000 innbyggjar innan 2018.

Tal lærlingar/lærekandidatar i eit utval andre fylkeskommunar:

| Fylke | Vedteken målsetting i FT | Dagens situasjon | Tal innbyggjarar | KS sitt vedtak |
|------------------|--------------------------|------------------|------------------|----------------|
| Aust-Agder | | 50 | 116000 | 23 |
| Vest-Agder | 60 | 45 | 183000 | 37 |
| Hordaland | | 30 | 518000 | 104 |
| Rogaland | 75 | 60 | 471000 | 94 |
| Nordland | | 106 | 242000 | 48 |
| Sogn og Fjordane | | 14 | 110000 | 22 |

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag 12 lærlingar innanfor IKT-service- og dataelektronikar-faget, ein lærling i hestefaget og ein lærling i kontor og administrasjonsfaget. Andre lærefag som kan vere aktuelle for fylkeskommunen er byggdriftarfaget, institusjonskokk og barne- og ungdoms-arbeidarfraget.

Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller i relevante innkjøp krav om at leverandør er lærebedrift og skal kunne tilby læreplassar.

5. Status og utfordringar for fag- og yrkesopplæringa i Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane har tradisjonelt over halvparten av ungdomskulla søkt yrkesfaglege utdanningsprogram. For skuleåret 2015-2016 var det om lag 55 % av søkerane til vg1 som sökte yrkesfaga. Utfordringa i fag- og yrkesopplæringa har vore at elevane/lærlingane ikkje i stor nok grad har gjennomført opplæringa. Særleg har talet på dei som fullfører og består med fag-/sveine-brev på normert tid (4 år) vore låg. Av elevane som byrja på vidaregåande opplæring i 2010 fullførte 53 % av elevane som byrja på yrkesfag opplæringa på normert tid, mot 52 % nasjonalt. Dette gir store konsekvensar for enkelteleven som ikkje fullfører. Det gir òg store konsekvensar for dei ulike bransjene sine høve til å rekruttere fagarbeidarar.

Overgangen frå skule til bedrift

Forsking og statistikk viser at overgangen frå vg2 i skule til vg3 i bedrift er avgjerande for om elevane på yrkesfag gjennomfører opplæringa. Det er avgjerande at elevar som ønskjer å gå i lære får læreplass for å gjennomfører opplæringa. Elevane har rett til å få fullført opplæringa. Når det ikkje er nok tilgjengelege læreplassar til søkerane, har fylkeskommunen likevel ein plikt til å gje desse eit tilbod. Alternativa som vert nytta er i stor grad vg3 bedriftsopplæring i skule, eller opplæring i anna fylke. Erfaringa til fylkesrådmannen er at få elevar ønskjer å nytte seg av desse tilboda. Når ein søker takkar nei til eit slikt tilbod, har ikkje søkeren lenger rettar etter opplæringslova. Mange av desse fullfører ikkje vidaregåande opplæring.

Ut i frå samfunnskontrakten, KS si målsetting og ansvaret fylkeskommunen har for vidaregåande opplæring er det fylkesrådmannen si vurdering at fylkeskommunen til ei kvar tid bør ha tilsett minimum 22 lærlingar. Lærlingane gir arbeidskraft/verdiskaping, kan ha ein stor verdi for arbeidsmiljøet og er ikkje minst viktige for framtidig rekruttering.

For ei verksemde er kostnaden ved å ha lærling knytt fyrst og fremst til løna til lærlingen. I tillegg kjem ev. opplæringskostnader ut over det ein får dekka gjennom lærlingtilskotet. Lærlingen skal ha ei prosentvis løn av fagarbeidarløn, avhengig av kor langt ein er komen i læretida. For fylkeskommunen gir dette ein snittkostnad per lærling per år på kr 150 000,-. I dag er det sett av midlar innanfor driftsbudsjettet til fylkeskommunen tilsvarande 9 lærlingar. Å auke opp talet lærlingar til 22 vil medføre ein årleg ekstrakostnad på 1,35 mill. kr. Det er fylkesrådmannen si tilråding at dei økonomiske konsekvensane av dette bør innarbeidast i budsjett 2017 og økonomiplanen 2017-2020. Eg viser her til innlagt føring i arbeidsdokumentet til finansutvalet 28.09.16.

Det er vanskeleg å budsjettere med kostnader til lærling i driftsbudsjettet til den enkelte eining. Årsaka til dette er at behovet for lærling og tilgangen på lærlingar vil variere år frå år. Fleire av lærlingane fylkeskommunen har i dag er difor finansiert gjennom omdisponering av tilgjengelege midlar innanfor budsjettramma. Fylkesrådmannen ønskjer at det skal vere føreseieleg kva kostnader fylkeskommunen har til lærlingar. Ei løysing er difor å budsjettere med eit fast tal lærlingar kvart år, der desse blir tildelt den enkelte eining etter behov. Mellom anna Aust-Agder fylkeskommune nyttar ein slik modell og har gode erfaringar med dette. Vi bør vurdere å følgje opp tilsvarende.